

Samrøystes for Hagetun-avtale

18.11.2009



Her skal bustadane for dei vanskelegstilte byggjast. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tysdag var samarbeidsavtalen kring bustader for vanskelegstilte i Uskedalen opp i komite for helse, omsorg og miljø og komiteen sluttar seg samrøystes til innstillinga frå rådmannen.

- Det kom berre positive signal om Hagetun-prosjektet, seier leiar Bente Bondhus til Uskedalen.no

Det heiter i innstillinga frå rådmannen at avtalen tas til orientering og at ho blir godkjent til bruk mellom partane. Torsdag skal saka opp i formannskapet til endeleg vedtak - med same innstilling.

Hvis den blir vedteke, vil formannskapet og tilrå at underliggende modell og samarbeidsavtale vert nytta der dette er mogeleg, for å kunna realisere bustadtrongen til vanskelegstilte grupper i kommunen. Bustadkontoret får fullmakt til å administrere slike avtalar.

Sakshandsamar Leif Kolbjørn Kongestøl skriv i saksførebuinga at avtalen ikkje medfører kostnader for kommunen så lenge det bur leietakarar i husværa og at avtalen heller ikkje kjem i konflikt med lovverket kring offentleg anskaffing,

Kommunen disponerer husvære i den forstand at ein skal syta for at dei brukergruppene som Husbanken sitt regelverk definerar som vanskelegstilte, vert prioritert når ledig bustad skal tildelast.

Avtalen er utforma etter modell frå Bergen og kommunen vil ha disposisjonsrett/tildelingsrett i 20 år med mogelegheit for forlenging.

Av Ola Matti Mathisen